

PROGRAM LOM SP 2023-2027



Eit knippe listekandidater. Bak fra v.: Marit Sletten, Tor Espen Ovesen, Ketil Gutubø, Ragnhild Sjurgard, Ivar Garmo, Bjørn Andreas Ovesen. Framme fra v.: Eva Ramen, Magnus Bø, Helene Horten, Kristine Flitte Ramslo.



Innholdsfortegnelse

Perioden som har vore v/kommunestyregruppa	2
Gode veljar.....	2
Lista med kandidatar for valet	3
Program Lom Sp 2023-2027.....	4
Sikre innanforskap – hindre einsemd og utanforskap – heile livet	5
Bustad og bukvalitet for dei som ynskjer å bo i Lom	5
Sikre rammevilkåra for næringslivet i Lom	6
Regionalt viktige saker.....	7

Perioden som har vore v/kommunestyregruppa

Vi er stolte av å ha arbeid med løysingar for framtida med mange prosjekt. Innanfor bustad, landbruk og bu-og tenestetilbod for eldre har det skjedd mykje. Vi har klart å prioritere ei satsing på næringskontoret som gjev ein ekstra tilsett ei periode. For lag og organisasjonar har vi sett ned romleiga til tross for at det har vore, og er, ein trong økonomisk situasjon. For 2023 la vi inn kring 11 millionar meir i budsjettet enn staten har berekna at tenester våre skal koste. Dette har vi gjort fordi vi ynskjer å yte tenester som ikkje er lovpålagde, men som vi ser som viktige - som ungdomsarbeidet i kommunen. Dette kan vi gjere fordi vi har kraftinntekter som gjev oss eit handlerom til å satse litt ekstra når vi treng det. Takk for tilliten i perioda som har vore.

Bjarne Eiolf Holø, Marit Sletten, Rolv Enersvold, Odd Arne Kroken og Arnstein Rusten

Gode veljar

Politikk er lagarbeid. Det er difor ikkje utan grunn at partia arbeider hardt med å sikre at listeforslaget som ein fremmar, har god breidde i alder, kjønn, bustad og interesser. Dette er for å sikre at folkevalde speglar innbyggjarane, men òg at ulike synspunkt og erfaringar kjem fram, og blir vektlagt i vedtaka som vert gjort.

Lom SP stiller til val med ei solid liste full av dyktige og engasjerte innbyggjarar. Eit lag eg er sikker på kjem til å vera med og forvalte fellesskapet sine ressursar til det beste for både noverande og framtidige innbyggjarar. Eit lag som ikkje er redde for å brette opp armene og ta tak i utfordringane vi står ovanfor. Eg er stolt og audmjuk over og stå i spissen for dette laget, og politikken som Senterpartiet står for den neste perioden.

Ein av våre styrkar er at vi er del av ein partiorganisasjon som både lokalt, regionalt og inn i regjeringssamarbeidet arbeidar målretta for vekst og levande lokalsamfunn i heile landet. Eg ser fram til å samarbeide med innbyggjarar, resten av Senterpartiet og andre for å utvikle Lom framover.

Eg vonar at du vil bruke røysteretten din og røyste Senterpartiet ved valet i haust.

-Magnus

Lista med kandidatar for valet

	Etternamn	Fornamn	Grend	Fødselsår
1.	Bø	Magnus	Lom	1996
2.	Sletten	Marit	Lom	1992
3.	Enersvold	Rolv	Garmo	1978
4.	Gutubø	Kjetil	Lia	1961
5.	Romslo	Kristine Flittie	Garmo	1981
6.	Vaagaasar	Rolv	Lom	1970
7.	Horten	Helene	Bøverdalen	1987
8.	Marstein	Geir	Lia	1975
9.	Sjurgard	Ragnhild	Lia	1979
10.	Ovesen	Tor Espen	Bøverdalen	2001
11.	Skarelven	Borghild	Lia	1966
12.	Sandviken	Bjørn Rune	Lia	1971
13.	Strind	Ingrid	Lom	1972
14.	Garmo	Ivar	Garmo	1983
15.	Brenna	Ann Kristin	Lia	1972
16.	Aurmo	Erik	Garmo	1997
17.	Stasviken	Anne Guri	Garmo	1989
18.	Dalen	Ottar	Lom	1951
19.	Ovesen	Bente Kristin S	Lom	1951
20.	Holø	Tor Andre	Lia	1998
21.	Ramen	Eva	Lia	1962
22.	Ovesen	Bjørn Andreas	Bøverdalen	1973

Program Lom Sp 2023-2027

Vi er ein del av eit parti som både lokalt, regionalt og nasjonalt er oppteke av tenester nær folk, og vekst i heile Norge. Vi har eit stort apparat i ryggen som vi kan bruke for å påverke nasjonal politikk som er viktig for Lom. Målet for Senterpartiet sin politikk er å skape eit fellesskap av frie, sjølvstendige menneske, der rettferd, tryggleik og likeverd er berande prinsipp. Senterpartiet byggjer sin politikk på:

- makt og kapital nær folk, folkestyre og lokaldemokrati
- tillit og fridom til enkeltmennesket, med ansvar for seg sjølv og fellesskapen
- lokal verdiskaping og sjølvråderett over ressursane

I perioda som kjem er det spesielt desse områda vi må arbeide med:

- Gode tenester trass endra samansetning i befolkninga
- Innanforskap – hindre einsemd og utanforskap
- Bustad for dei som ynskjer å bo i Lom
- Rammevilkåra for landbruk, reiseliv og andre næringar

Gode tenester tross endra samansetning i befolkninga

Lom kommune skal levere tenester med god nok kvalitet, tillit og fleksibilitet skal liggje til grunn for arbeidet. Lom skal halde fram med å vere ein trygg og god plass å vekse opp og bu, med eit variert aktivitetstilbod – uansett bakgrunn, alder og livssituasjon. Vilkåra for oppvekst, barn og unge, må prioriterast høgt slik at vi oppfyller dette. Endra samansetning i befolkninga gjev færre arbeidsføre bak kvar pensjonist og, trongen for arbeidskraft vil auke.

25 prosent av folk i Lom i alderen 18-66 år er utanfor arbeidslivet - dette gjev ei stor bør for den einskilde og syner eit potensial for fleire arbeidstakarar og større inkludering. Vi må saman med lokalt næringsliv og NAV sjå på tiltak for å få fleire i arbeid.

For å møte ein aukande andel eldre, må vi syrgje for at det er trygt å bu i eigen bustad så lengje ein vil det, og leggje til rette for fleire omsorgsbustader som kan gjeva eit fellesskap og tryggleik når ein ynskjer det.

Senterpartiet vil:

- framleis ha fokus på høg vaksentettleik, tidleg innsats og aktiv læring i barnehage og skule.
- ha MOT-konseptet inn i skulen i Lom.
- utvikle kulturskulen i Lom og Skjåk for å gjeva gode rammer for opplæring og meistring innan kunst og kultur.
- behalde den vidaregåande skuleavdelinga i Lom.
- halde trykket oppe på utbygging av bustader med høve for heildøgns omsorg.

Sikre innanforskap – hindre einsemd og utanforskap – heile livet

Vi må arbeide målretta mot utanforskap og einsemd i alle aldersgrupper, både gjennom tenestene vi gjev, og ved å påverke den einskilde sitt arbeidsliv og fritid. God folkehelse er avhengig av møteplassar, og kultur, idrett og friviljugheit er viktige arenaer for å møtas. Fritidstilbod med låg terskel som *meiroke bibliotek og friviljugsentrelen* opnar for møter mellom folk, inkludering og integrering. Kommunen må i tida som kjem vere tettare på friviljugheita. Både i kommunal regi og i regi av næringsliv, lag og foreiningar, er det skapt mykje aktivitet og tilbod til innbyggjarane, men å vite kva som skjer er ei utfordring. Å drive informasjonsarbeid for å vise fram kva som skjer, meiner vi er naudsynt og her ynskjer vi at kommunen tek eit større ansvar framover.

Senterpartiet vil:

- styrke samarbeidet med frivillig sektor for å sikre aktivitetstilbodet og folkehelsa.
- ha meir aktivitet i Utgard gjennom betre marknadsføring, låg lokalleige og enkel tinging.
- halde fram med, samt utvikle ungdomsklubben i Lom.
- sjå på høve for å etablere fleire møteplassar for ulike interesser og generasjonar, også på tvers av ulike kulturar.
- lyfte folkebiblioteket som lågterskeltilbod og kulturformidlar.
- etablere ei digital oppslagstavle der alle gratis kan annonsere for å syne kva som skjer i bygda.

Bustad og bukvalitet for dei som ynskjer å bo i Lom

Det er få hus og leilegheiter til sals og leie, noko som set hinder i vegen for den som ynskjer å bu i Lom. Utvikling av bustadar, både i sentrum og grendene, må sjåast i samanheng for å gjeva bustader for ulike behov og ynskje. Kommunen må vere ein aktiv part i å løyse utfordringa og GNIST-prosjektet på Kulihaugen må gå vidare. Vi vil ha eit attraktivt sentrum der lokalhistorie og byggeskikk har ein sentral plass. Kommunen sine eigedommar og bygg må forvaltast aktivt framover, når det gjeld vurderingar knytt til sal og vedlikehald av bygg.

Senterpartiet vil:

- tilrettelegge for, og marknadsføre attraktive bustadstomter i heile kommunen.
- halde eigedomsskatten som den er, ikkje utvide den geografisk eller auke satsen.
- synleggjere husbanken sine tilbod betre og dele ut fleire startlån.
- ha aktiv kommunal eigedomsforvaltning.
- framleis ha ei restriktiv haldning til store hyttefelt, men sjå på høve for spreidd bygdenær hyttebygging.
- følgje opp mogleighetsstudiet for Fossbergom, og satse på sentrumstiltak på Fossbergom, i Garmo og på Galdesand.
- saman med fylkeskommunen og riksantikvaren ta vare på kulturminne, og utvikle Presthaugen i samarbeid med Gudbrandsdalsmusea og Lom heimbygdslag.

Sikre rammevilkåra for næringslivet i Lom

Vi skal arbeide både for eksisterande næringsliv og for å tiltrekke oss nye arbeidsplassar. Ved utflytting eller nyetablering av statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar meiner vi Lom er eit godt val. Mange kan fint arbeide desentralisert, og Lom har gode fasilitetar for dette. Kommunen skal vere med og synleggjere høve for dette, gjennom å blant anna syne fram ledige lokal.

Landbruket og reiselivet står for stor verdiskaping og gjev store ringverknader for resterande næringsliv og lokalsamfunn. Landbruket sørgjer for ei levande bygd med kulturlandskap som også gjer oss attraktive som destinasjon. Å få mange på besøk gjev store moglegheiter, men også eit stort press på naturen vår: Vi må skjerme dei mest sårbare områda for stor trafikk.

Lokal forvaltning har ført Lom dit vi er i dag, og vi må gjere vårt for å forvalte naturen vår til det beste for komande generasjonar. Miljø- og klimautfordringane er store, og vi må redusere tapet av biologisk mangfald og utsleppet av forureining.

Senterpartiet vil:

- leggje til rette meir næringsareal
- ha ein aktiv bruk av næringsfondet, med vekt på støtte til reiselivet og landbruket.
- støtte opp om Fjellsenteret og nasjonalt kompetansesenter for fjellredning
- at kommunen saman med næringslivet arbeider for å få større arrangement til Lom.
- handheve bu- og driveplikt etter gjeldande lovverk.
- få kartlagt beiteressursane i Lom, med hjelp av ekstern kompetanse og bruke dette i planarbeidet framover.
- at rovdyrbestanden skal forvaltast *ned* på bestandsmål ved å legge til rette for meir effektivt uttak og sikrere metodar for teljing av jerv.
- arbeide for at Nord-Gudbrandsdalen vert eiga forvaltningsområde for gaupe.
- halde fram med lokal forvaltning av natur- og utmarksressursar og støtte opp om dei lokale fjellstyra og deira arbeid.
- sikre Lom sin posisjon som innfallspport til nasjonalparkane våre, og arbeide for meir kanalisering av turistar i fjellet for å kunne unngå dei mest sårbare områda.
- halde fram tradisjonen med ryddeveke i mai med meirope miljøstasjon og sjå på høva for lengre opningstider på miljøstasjonen elles i året med.

Regionalt viktige saker

Vi treng å arbeide saman i regionen for å løfte saker mot overordna myndigheiter og setje dagsorden. Innan fleire tenester er samarbeid med andre kommunar naudsynt for å oppfylle ansvaret kommunen har, og gjeva gode tenester til innbyggjarane våre. Det er viktig at det enkelte kommunestyret har innsikt og styringsmoglegheiter i samarbeida vi har. Innlandet fylkeskommune er ein viktig part for oss å samhandle med framover.

Samferdsel Sørgje for høg prioritering av fylkesvegnettet i regionen vår, nye tunnelar på Strynefjellet, strekningsvise utbetringar langs rv15, og ferdigstilling av E6 gjennom Gudbrandsdalen.

Kollektivtransport Det er utfordrande å ha eit godt nok kollektivtilbod. Vi ynskjer større grad av bestillingstransport for alle aldersgrupper, etter mal frå trygt heim-ordninga for ungdom.

Tannhelse Arbeide for at det skal være lokale tilbod av tannklinikk og kjeveortoped.

Politi Vi meiner politiet framleis skal være lokalisert der det er i dag (Lom, Otta, Dombås), og at bemanninga skal aukast.

Nord-Gudbrandsdal Lokalmedisinsk senter på Otta Sjukehuset Innlandet tilbyr ulike spesialisthelsetenester ved NG LMS, som røntgen, lysbehandling, dialyse, cellegift og blodtransfusjonar. I tillegg utfører gynekolog, ortoped, nevrolog, uroterapeut og høysesentralen timar på LMS. Tilbodet må utviklast med fleire spesialistar. Dette kortar ned reisevegen for norddølane så ein sparar tid og miljø, samstundes som belastninga ved behandling blir mindre.

